

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.36165
kontakt@agderhistorielag.no
www.agderhistorielag.no
Tlf. 38 02 61 05



ÅRSMELDING 2012

Tillitsvalde i 2012-2013 har vore:

Styremedlemer:

Beint Foss, Tveit Historielag, leiar
Eilert Skjævestad, Tromøy Historielag, nestleiar
Ragnhild Skarsten Larsen, Flekkefjord Historielag, styremedlem
Inge Augland, Torridal Historielag, styremedlem
Liv Kirsten Rølland, Vennesla Historielag, styremedlem
Kristian Sundtoft, Vestre Moland og Lillesand Historielag, styremedlem
Birgit Attestog, Setesdal, styremedlem
Gunnar Thorstensen, Tromøy Historielag, styremedlem

Varamedlemer (personlege):

Helge Wiig, Mandal
Knut Engelskjøn, Kongshavn
Kenneth Trælandshei, Kvinesdal
Bjug Åkre, Kristiansand
Gerd Lillian Olsen, Mandal
Lars Petter Østby, Høvåg
John Seldal, Bjorbekk
Sveinung Lien, Tvedestrand

Valkomitéen:

Ellinor Lundberg, Arendal
Torgeir Retterstøl, Eide
Kjell Ove Sætren, Mandal
Anne-Berit Erfjord, Kvinesdal

Revisor:

Ettersynet av rekneskapen er gjort av
fylkesrevisjonen i Vest-Agder

Skrivar:

Borghild Løver, Lindesnes

Verksemda i laget:

Styret

Det har vore 3 styremøte og 36 saker på saklista i 2012. I tillegg har leiaren og skrivaren hatt møte.

Skrivar

Borghild Løver har vore skrivar tilsvarende 20% stilling.

Kontorlokale og arkiv

Lagskontoret har i 2012 vore i Bentsens hus i Kronprinsens gate i Posebyen i Kristiansand sentrum. Medlemene i historielaget har alltid kunna nå skrivaren per telefon dag som kveld og tinge bøker. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

Årsmøtet 2012

Årsmøtet vart halde i matsalen på Setesdal vdg. skule på Hornnes laurdag 21. april 2012. Det var møtt fram 56 totalt, og 49 av desse var røysteføre lokallagsrepresentantar. Magne Haugland heldt eit engasjerande føredrag om russarfangane frå 2. verdskrigen. Johan Kvaale Bjerk framførte visesong med gitar.

Abonntentar og medlemslag

Agder Historielag hadde 830 abonntentar den 31.12.2012. 38 av desse var lokallag.

Økonomi

Abonnementet for 2012 var på 250,- kr. Vest-Agder Fylkeskommune gav eit driftstilskot på 115.000 kr., i tillegg til eit tilskot til Agdersoga på 50.000 kr. Aust-Agder Fylkeskommune har gjeve løyving om 60.000 kr i driftstilskot og 50.000 kr. til Agdersoga. Rekneskapen viser eit greitt overskot i 2012, dette skuldast at ikkje alle prosjekta vart fullført, til dømes boka om Axel Krogh som Johnny Haugen skal skrive, i tillegg til at utgiftene til årsskriftet fyrst kjem i 2013.

På lager har me ståande ei mengd bøker som sjølv sagt utgjer ein stor verdi, men som ikkje er synt i jamvektrekneskapen. Desse vert talde ved flytting av lageret. For fleire detaljar, sjå rekneskapsoversyn og revisjonsmelding.

Heimesida og fjesboka

Internettsida til Agder Historielag har vorte oppdatert i 2012 ved hjelp av eit godt samarbeid mellom Tormod Engebu og skrivaren. Sjå www.agderhistorielag.no.

Leiar Beint Foss har teke initiativ til å få historielaget på fjesboka, og har jamleg föra sida med stoff og lenkjer, saman med andre, velviljuge hjelparar frå historielag rundt om.

Agders Historie

Det er komne ut fire band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.)
- 1641-1723 (Ingeborg Fløystad, 2007, 2500 eks.)

Det femte bandet (1350-1640), som Stein Tveite skriv på, kjem vonleg ut snart.

Det sjette bandet (1945-2000) har historikar Dag Hundstad byrja så smått arbeidet på like føre jul, der han på vegner av årsskriftkomiteen søkte alle kommunane på Agder om stønad, i tillegg til nokre tunge sponsoraktørar (bankar, Agder Energi m.fl.). Sjølv stoffsankinga og skrivarbeidet er tenkt å ta 2 år, og Agdersogekomiteen har difor gjort avtale om tilsetjing av Hundstad frå 1.1.2013 i lønssteg 58 (39.733 kr per måned). I komitéen for Agdersoga sit Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Berit Eide Johnsen, Beint Foss og Rune Holbek. Anne Tone Aanby er biletredaktør.

Årsskriftet 2012

Årsskrift nr. 88 sette heilt og halde fokus på den kvinnelege røysteretten i høve hundreårsjubileet i 2013. Med berre eitt tema for heile årsskriftet, viste det seg å ta lenger tid å få ferdig, slik at det fyrst kom ut på vårparten 2013. Årsskriftet vart trykt i 2.000 eksemplar og var på vel 200 sider. Redaktør var Johnny Haugen, som hadde skrivaren Borghild Løver med seg i redaksjonskomiteén. Ragna Marie Henden, prosjektleiar i røysterettjubileet for 2013, var med på det fyrste arbeidet i komiteen.

Egde

Det vart jobba med heile tre nummer av medlemsbladet EGDE dette året, men det siste nådde postkassene i januar 2013. Redaktøren for dette bladet var Borghild Løver, med hjelp av Johnny Haugen. Bladet vart trykt i 1100 eksemplar og sendt ut til alle abonnentane, som sette stor pris på bladet.

Annan aktivitet/samarbeid

Agder Historielag v/Eilert var til stades på Agderseminaret på UiA i Arendal 11. og 12. okt. I tillegg er historielaget sterkt medverkande i ei eiga brukargruppe av Bentsens hus (Kronprinsens gt. 59) og har delteke på desse møta (v/skrivaren) i året som har gått: 14. feb., 10. mars, 10. april, 8. mai, 21. aug. og 19. okt. Beint møtte i tillegg på møtet 8. mai.

Agder Historielag v/skrivaren er òg deltakar (saman med resten av brukargruppa i Bentsens hus) under den årlege kulturminnedagen, som var søndag 9. sept. kl. 13-16 på Bentsens hus.

Turnemnda skipa til ein fantastisk tur til Østfold 23.-26. august, som vart ein stor suksess som vanleg. Det har dessutan vore utruleg bra samarbeid med lokallaget Kvinesdal Historielag i høve tilskipinga av temamøtet 23. sept. 2012.

Agder Historielag v/Beint har òg delteke på 2 møte i høve Palatiamarkering på Lindesnes fyr.

Ymse representasjon

10. mai -12: Budsjettmøte med Vest-Agder fylkeskommune: Borghild møtte.

15. mai -12: Kurs i arkivering på Statsarkivet, initiert av VAF: Borghild deltok.


10.-12. aug. -12: Agder Historielag delte stand (og utgifter) med Mållaga på Agder under marknaden Naturligvis på Evjemoen: Borghild dreiv med abonnentverving for AH her.

21. okt. -12: Palatiamarkering på Lindesnes fyr: Beint og Ragnhild var til stades


Oppsummering

Historielaget har halde ein høg aktivitet i året som har gått. Leiaren for Agder Historielag var dessutan leiar for LLH i 2012, og varamann for han til styret har vore Kristian Sundtoft. I tillegg har me hatt fleire viktige samarbeidspartnarar som me ynskjer å rette ein særskild takk og helsing til: Kristiansand kommune, Posebymarknaden, Christianssands Byselskab, Fortidsminneforeningen og Thaulows hus, i tillegg til Aust-Agder Kulturhistoriske Senter, Statsarkivet og ikkje minst Vest-Agder og Aust-Agder fylkeskommune.

Kristiansand, mars 2013




Beint Foss, leiar




Eilert Skjævestad, nestleiar




Ragnhild Skarsten Larsen




Inge Augland




Kristian Sundtoft



Liv Kirsten Rølland



Birgit Attestog



Gunnar Thorstensen